

Bakgrunn

2100 personar i Nye Sogndal kommune arbeider i statlege eller fylkeskommunale verksemder. Det utgjer nær 1/3 del av sysselsetjinga. Veksten i offentleg sektor har det siste 10-året vore langt større enn i den private.

I Luster er det 252 eller 13% som arbeider i statlege eller fylkeskommunale verksemder.

Det er liten tvil om at offentlege verksemder er hjørnesteinsverksemder i den nye kommunen.

Det er viktig med fokus på offentlege arbeidsplassar i nye Sogndal kommune for å

- sikre eksisterande
- utvikle nye
- samhandle mellom kommunen og offentlege verksemder
- utvikle mål og strategi
- næringsutvikling basert på kompetansen

Det er ei målsetjing at nye Sogndal skal ha eit sterkt fokus på den utvida vertskapsrolla for dei offentlege arbeidsplassane. Arbeidet i 2019 skal leggje grunnlag for metodikk og organisering av arbeidet.

Det er tidlegare utvikla 3 rapportar som omhandlar temaet. Desse dannar godt grunnlag for det vidare arbeidet:

- Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning – Leikanger, Sogndal og Luster, BDO/Sogn Næring 09.09.2016
- Sogndal kommune – Vertskapskommune for offentlege arbeidsplassar, Oddvar Flæte/Jostein Fondenes/Sogn Næring 07.03.2018
- Næringsutvikling i nye Sogndal kommune, Sogn Næring 15.12.2017

Organisering og forankring


Arbeidet er forankra i samfunnsplanar i Leikanger kommune og Sogndal kommune, vidare i Sogn Regionråd sin regionalplan 2017-2020, som har denne strategien «Bygge politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling»

Oppdraget er sett i gang etter ordskifte i fellesnemda for Nye Sogndal kommune 24.01.2019, og i møte 07.03.2019 vert det sett av 300.000 kr til arbeidet. Fellesnemda utfordra samstundes prosjektrådmann til å invitere Luster kommune og Sogn Regionråd med i arbeidet.

Arbeidet som skal gjerast er viktig for heile regionen, og bør soleis forankrast politisk og administrativt både i nabokommunar og regionråd.

Organiseringen av prosjektet er resultat av det akutte behovet for å vere proaktive i prosessen rundt Statens Vegvesen. For vidare arbeid må arbeidet innarbeidast i ordinære styringslinjer og tenesteleveransar mellom Nye Sogndal kommune og Sogn Næring. Det bør uansett vere ei målsetjing å lære, å utvikle metodikk og gjere seg erfaringar inn mot eit kontinuerleg arbeid med temaet.

Organisasjonskart



Prosjekteigar

Det er Fellesnemda Nye Sogndal kommune som er prosjekteigar, og nestleiar i fellesnemda, Jon Håkon Odd, er fellesnemda sin ansvarlege i prosjektet.

Styringsgruppe

Nestleiar i fellesnemda, Jon Håkon Odd, leiar styringsgruppa i prosjektet. I tillegg sit leiar i fellesnemda, ordførar i Balestrand, alle gruppeleiarane i nye Sogndal og prosjektrådmann i gruppa:

- Jon Håkon Odd, leiar
- Jarle Aarvoll
- Harald Offerdal
- Kjetil Kvåle
- Arnstein Menes
- Trude Risnes
- Frode Bøthun
- Rita Navarsete
- Vibeke Johnsen
- Karin Vikane
- Stig Arne Thune

Dersom nabokommunar eller regionråd sluttar seg til arbeidet, er det naturleg at desse vert representert i styringsgruppa.

Referansegruppe

Det kan bli naudsynt eller ønskjeleg med ei referansegruppe i prosjektet. Denne vert evt initiert av styringsgruppe eller sekretariat.

Sekretariat

Sogn Næring får ansvar for den daglege drifta av sekretariatet. Sekretariatet *kan* nyttast til deler av prosjektaktiviteten, men det er truleg føremålstenleg å rigge prosjekt med spisskompetanse utanfor eigen organisasjon.

Oppdraget til Sogn Næring

Sogn Næring skal bistå Nye Sogndal kommune i arbeidet med oppfølging av vertskommunerolla for offentlege arbeidsplassar. Arbeidet skal i første omgang prosjektorganiserast, men det er ei målsetjing å lære, å utvikle metodikk og gjere seg erfaringar inn mot eit kontinuerleg arbeid med temaet.

Økonomi

Det vert i 2019 sett av ei ramme på NOK 500.000,- innleiingsvis til prosjektet. Midlane kjem frå budsjettet til Nye Sogndal kommune og Luster kommune og Sogn Regionråd vert invitert med i arbeidet og på finansiering. Det er styringsgruppa v/leiar som foirtløpande styrer bruken av midlane.

For 2019 arbeider ein førebels etter dette budsjettet, det skal sjølvstøtt detaljerast når ein har oversyn over oppgåvene:

Kostnadar

Kjøp av eksterne tenester	300.000,- kr
Møter og reiser	50.000,- kr
Sekretariat	150.000,- kr
SUM	500.000,- kr

Finansiering

Nye Sogndal kommune	300.000,- kr
Luster kommune	100.000,- kr
Sogn Regionråd	100.000,- kr
SUM	500.000,- kr